

Foreldremøte for 5.og 6.klasse

5.september 2016

- 1) Framsyning av bilete frå villmarksturen

- 2) Informasjon

-*Prosjektveka*: fortsetter med tema «frå jord til bord». Skal laga syltetøy, rognebærgele, tur til Veland, gå fjelltur der, sjå ned til pølsemakar Magnhild i dyrdalen, få ein smakebit av pølsene hennar. Blir ei lærerik veke med aldersblanda grupper.

-*Heimesida til Myking skule*: Kjem no rett inn på Lindås kommune si side. Der ligg mykje info og planar for Myking skule; timeplan, aktivitetskalender, handlingsplanar m.m. Oppmodar alle foreldre om å gå inn på sida.

-*Bjørghild om ordensreglar*: Reglane må følgjast! Dersom foreldre ynskjer endringar på reglane, må dette takast opp gjennom FAU.

1.Dusjing: Viktig å øva seg til ein byrjar på ungdomsskulen, bli vane med det. Dersom det er vanskeleg for enkelte ungar, så kan ein ta det opp med lærar og få ei tilpassa ordning, til dømes gå i dusjen litt før dei andre. Foreldre vert oppmoda om å snakka med ungane heima om kvifor ein treng å bytte kler, dusje.

2.Mobil på skulen: MÅ vera avtalt med lærar viss den skal vera med på skulen. Det er kun mulig å ha mobil med i ein avgrensa periode. Mobilien skal då vera avslått i sekken.

3.Skulebussen: Sjåføren kan ikkje køyra utan at alle har belte på. Snakk med ungane om dette. Dersom ungane tek belte av, kan konsekvensen bli at dei blir nekta buss ei tid og foreldre må sjølve ordna skyss.

4. Kristine om aktivitetskalendaren hausten 2016:

Fair-play på Lindås 20.sept. Ei sosial setting med elevar frå Lindås, Skodvin og Myking med 120 elevar på idrettsbana.

Lurt å sjekka planen på heimesida slik at ein kan vera førebudd på aktivitetar som kjem.

11.november er planleggingsdag.

Bli-med-dans

Trivselsdag 1.november (aldersblanda grupper)

Morgonsamlingar kvar månad. Då kan familie koma å sjå elevane opptre. 5.og 6.klasse har ansvaret i september.

Ressursmøte: alle elevar blir drøfta

3)Bjørghild om fag: **KRLE**: Elevane har snakka om kvifor faget er viktig. Det å læra om ulike kulturar gjer at me vert tryggare på kvarandre og meir tolerante. Elevane jobbar òg med å vågå å gjera seg opp eigne meininger på grunnlag av kunnskap og stå for det. **MUSIKAL**: 29.november er det generalprøve på musikal som elevane skal laga i haust. 30.november kan føresette koma på forestilling. Elevane kjem til å bidra på ulike måtar gjennom dans, replikkar, song. **KUNST OG HANDVERK**: Elevane er delt i 2 grupper og jobbar med teikning, sløyd, data og handarbeid. Kristine om **NATURFAG**: Satsar å vera mykje ute i dette faget. Gode utekler på skulen er viktig. Nils har **samfunnsfag** måndagar. Elevane brukar då mykje data. Dei lagar oppgåver/spørsmål og svarar (Kahoot).

Bursdagsinvitasjonar: Alle eller ingen frå ein klasse bør bli inviterte!

Leksehjelp: Skulen må ha beskjed dersom nokon ikkje møter. Ikkje alle lekser passar å gjera på leksehjelp, så leselekser må gjerast heima.

Mellomtrinnet: 5-7.klasse har kvar dag 1 eller 2 friminutt i gymsalen. 2-3 lærarar har vakt i friminutta når alle elevane er der. Har alltid gule vestar og prøver å vera delaktige i det som skjer. Gje beskjed til lærar om det er noko, for det er umulig å få med seg alt som skjer i skulegarden.

Måndagar blir saker diskutert blant lærarane. 2pauser pr veke får elevane spela dataspel på NRKsuper i 15 min (i langfriminuttet)

Aktivitetsleiarar: 7.klasse har denne rolla. Fyrste trivselsfriminutt vert 22.september. Elevane får tid til å førebu seg i forkant. På morgonen får alle vita kva aktivitetar som skal vera den dagen og så kan dei koma ned i gymsalen til aktivitetsleiarane. Annikken har ansvar.

Referent: Eirene Kleiveland